



Austrheim ungdomsråd  
Anita Soltveit

Dykker ref.:

Vår ref.:

20/4419 - 5 / BFJ

Dato:

12.11.2020

## Høyringsbrev - Høyring om Austrheimskulen i framtida - Skulestruktur 2021

Austrheim kommune har vedteke i Formannskapssak nr 136/20 å leggja saka om «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021» ut til offentleg høyring.

Høyringssvar kan leverast elektronisk via heimesida til Austrheim kommune eller ved å trykkja på følgjande lenke: <https://skjema.kf.no/FormsEngine/?wizardId=1303&externalId=4632>

Høyringsfrist er sett til 24. desember 2020.

Rådmannen har lagt fram utgreiing og framlegg til skulestruktur i Austrheim. Følgjande vedlegg er lagt ved høyringsbrevet:

- Austrheimskulen i framtida – Skulestruktur 2021
- Tilstands- og mogleghetsstudie av skulebygga i Austrheim kommune - Norconsult
- Tilstandsrapport Kaland barne- og ungdomsskule – Norconsult
- Tilstandsrapport Årås skule – Norconsult

***Innstilling til «Austrheimskulen i framtida – Skulestruktur 2021» og grunnlag for høyring er:***

### Skulestruktur:

- Ungdomssteget vert samla ved Årås skule. Det vert lagt opp til ein opptrappingsplan slik at 7.steg ved Kaland skule startar på ungdomssteget ved Årås skule hausten 2021. 10.steg fullfører ungdomsskuleløpet ved Kaland barne- og ungdomsskule.
- Årås skule vert frå skuleåret 2021 Årås barne- og ungdomsskule.
- Kaland barne- og ungdomsskule, blir frå hausten 2022 rein barneskule og vil då få namnet Kaland barneskule.
- Austrheim kulturskule blir administrativt samlokalisert med Kaland barneskule. Kulturskulen skal framleis vere desentralisert. Det vil vere mogleg å utvikle Kaland barneskule til eit framtidig kulturskulesenter i tillegg til dagens lokalitetar for kulturskulen. Administrativt blir kulturskulen lagt under Kaland skule og tenestetilbodet må forankrast i ein musikk- og kulturskuleplan.
- Inntaksområdet for ungdomssteget i Austrheim vert heile Austrheim kommune. For barnestega vil gjeldande krinsgrenser halde fram. Krinsgrenser Kaland skule: Leirvåg/Litlås/Kaland, Fonnes og Bakkøy. I tillegg til interkommunal krinsgrense for Åsheim. Krinsgrenser for Årås barnesteg:

Nøten/Littlelindås, Leikvoll/Førland, Hopland/Bergsvik/Lerøy, Austrheim, Sætre, Årås, Budal/Toftegård/Ulvøy, Rebnor/Øksnes/Dyrnes og Øyane. Årås ungdomsskule: Heile Austrheim kommune.

Andre tilrådingar:

- Det vert innført femdagarsveke for alle elevar i Austrheim frå og med hausten 2021.
- Det skal etablerast eit tenleg samarbeid med Austrheim vidaregåande skule vedk. arbeidslivsfag, forsering av fag, teknologi etc.

Skulebygg:

- Prinsippa i rapporten vert lagt til grunn som skulebruksplan for framtidig skulebygg.
- Skulane vert sett i stand i tråd med tilrådinga i rapporten til Norconsult.
  - o For Årås skule må det setjast av midlar i tråd med investeringsbehova for lett ombygging/oppussing med ei ramme på kr 1 037 400,-
  - o For Kaland skule må den tilretteleggjast for at spesialiserte rom kan lokaliseras i eksisterande bygg. Kostnadsramme for lett, middels og tung investeringsbehov på kr 2 321 800,-
  - o Det vert lagt ein framdriftsplan for at desse skal vere klar så snart som mogleg. Det vert sett av ei samla investeringsramme på kr 15 mill i tråd med investeringsbehovet.
- Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for ein 10 årsperiode som sikrar gode skulebygg og vedlikehaldsetterslep.
- Kaland 1 vert ikkje lenger nytta til skuledrift. Det må i eiga sak vurderast tiltak/bruk for Kaland 1 i framtida.
- Det må vurderast om modulbygg på Kaland kan nyttast til andre føremål, t.d. personalavdeling til Kaland barnehage.

***Ein synet elles til vurderingar og utgreiing i rapport: «Austrheimskulen i framtida – skulestruktur 2021».***

Høyringsinstansar:

- Rådsutvala ved skulane og barnehagane.
- Elevråda ved skulane.
- Ungdomsrådet i Austrheim
- Fag forbundet Austrheim
- Utdannings forbundet Austrheim

Høyringa vert lagt offentleg ut på heimesida til Austrheim kommune og alle høyringssvar vert gjeven via elektronisk skjema på heimesida: <https://skjema.kf.no/FormsEngine/?wizardId=1303&externalId=4632>

**Høyringsfrist er sett til 24. desember 2020.**

Rådmannen gjennomgår høyringsinnspele og endeleg innstilling vert handsama i Formannskapet 14. januar 2021 og endeleg vedtak i kommunestyret 21. januar 2021.

Med helsing

Bjørnar Fjellhaug  
kommunalsjef oppvekst og kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Austrheimskulen i framtida - Skulestruktur 2021 - utgreiing og tilråding

Norconsult Tilstands-og mulighetsstudie - hovudrapport

Tilstandsrapport Kaland Skule

Tilstandsrapport Årås skule

**Mottakere:**

Austrheim ungdomsråd  
Birgitte Gullaksen  
Bodil Boie Brekkan  
Britt Ystebø  
Elevrådet v/Kaland skule  
Elevrådet v/Årås skule  
Fagforbundet Austrheim v/Janina  
Fenne  
FAU Kaland skule  
FAU Årås skule  
Post  
Sissel Berge Monslaup  
SU v/Austrheim kystbarnehage  
SU v/Kaland barnehage  
SU v/Kaland skule  
SU v/Årås skule  
Utdanningsforbundet Austrheim  
v/Monika S. Gabrielli